NORDSTRANDA BARNEHAGE

MÅNADSPLAN FOR NOVEMBER PÅ SPRINGAR

			1 Førskulegruppe	2 Vi bakar ostehorn
5 Vi lagar asiatisk inspirert mat	6 Vi bakar ostehorn 	7 Turdag 	8 Hustreff	9 Kropp og hopp og Stettagruppe
12 Vi bakar ostehorn 	13	14 LYSFEST 	15 Dagen derpå… Kva inntrykk sit vi igjen med frå Lysfesten?	16 Kropp og hopp og Stettagruppe
19 Grupper	20	21 Turdag 	22 Førskuletreff med Bakkelid og Austrheim	23 Kropp og hopp og Stettagruppe
26 Grupper	27	28 Turdag 	29 Førskulegruppe	30 Kropp og hopp og Stettagruppe

Ein skapande musisk møteplass

Månadens songar:

Morgerdangens søsken
Elefanten på loftet
Ro Ro riske

Mørketid er ute

Månadens regle:

Talregle

2 oktober var det avreise til Sri Lanka. Prosessen starta på morgonen då alle pass og billettar måtte lagast og gjere klar til den store flyturen. Med papp, tusj, saks og lim jobbar barna iherdig med å bli ferdig. Vi skulle heilt ned til India sin tåre og det er langt! Når alle var komen på flyplassen, sagt hadet til mamma eller pappa, så var vi klar for avreise.

Og sidan har vi vore mykje i Sri Lanka. Vi har møtt Sivatas og hans familie, sett på bilde/film om ulike tema, smakt og lukta og fortalt ulike forteljingar. Vi har også studert kart og globus for å sjå kor Sri Lanka er i forhold til Noreg. Det som denne gongen har fått mykje fokus er **Yanei**, som er elefantbamsen til Sivatas. Yanei fekk seg ein kjempeflott glitterkostyme då han var og såg på elefantparaden som fant stad i Columbo. Det er stas med Yanei på avdelinga og vi er gode å dele han med kvarandre – heldige Yanei som får så mykje kos!
Vi har studert elefantar via bilde og film og nokre har fått ridd på ein elefant også. Visste de at elefanten er redd for mus? Dersom elefantane ser ein mus, så må dei hoppe oppå ein stol faktisk… Vi har også ein elefant på loftet vårt. Når vi er musestille så høyrer vi han trampe der oppe. Denne elefanten syklar på ein sykkel og av og til detter elefanten av sykkelen. Då høyrer vi eit *BRAK!*

På ein av samlingane var temaet kontrast mellom fattig og rik. Nokre barn dramatiserte at dei var rike og andre var fattige. Dei fattige leitar etter mat i søppelspann og var svoltne, medan dei andre hadde i overflod. Dei fekk ikkje gå på skule og fraus om natta medan den rike gruppa hadde gode madrassar å ligge på. Omgrepet urettferdig vart ein del av samtalen i ettertid.
Sivatas og famlien har fått hjelp frå Forut og har det difor bra på Sri Lanka. Han har ein heim, ein trygg familie, går på skulen og er god og mett.

Vi vil fortsette å vere i Sri Lanka fram mot LYSFESTEN som er 14 november. Dette er ein innsamlingsfest og vi ønskjer å ha meir fokus opp imot det å ha raushet for kvarandre og å hjelpe barn i andre land som treng vår hjelp. Korleis vi vil jobbe med dette, tek vi undervegs. Men samtalen, forteljingar, drama og song vert nokre av dei verkemidla vi brukar inn mot dette temaet. Barn rettigheitar vil her få ein naturleg plass i temaet.

<u>Påminning:</u>

- Hugs sekk på turdagane våre (onsdag for alle, men torsdag og fredag er det og ein gjeng på tur)
- Hugs drikkeflasker – lett tilgjengelig for ungane og vi ser at dette har hatt ein positiv verknad på vår kvardag
- **KLE:** Vi treng varme dressar, ull innerst, fleeze eller ullbukse/ genser, lue, vottar, vintersko etter kvart. Ta med slik at barna trivast ute. Vi syns det har vore mangelfullt i korgene den siste tida – både av ytterkle og skiftekle. Vi håpar dette blir betre framover ;)

Helsing Ronny, Eli Karin, Margot, Madelin og Kristin